



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 06.12.2021: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2020

Auka jordbruksinntekt for bøndene i Agder og Rogaland

Jordbruksinntekta til bønder på Jæren auka for andre år på rad, og vart 359 000 kroner i gjennomsnitt per årsverk i 2020. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta til 291 000 kroner.

Auken i jordbruksinntekta på Jæren var på 16 prosent frå 2019 til 2020. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta opp med 25 prosent. Frå 2018 til 2019 gjekk jordbruksinntekta i denne regionen ned med 22 prosent. Betre økonomi i svinehaldet og låg kostnadsvekst forklarar mykje av denne endringa i begge regionane. Det var lite endringar når det gjeld arbeidsforbruket.

Auke for mjølkebøndene på Jæren

Jordbruksinntekta til mjølkebønder på Jæren gjekk opp etter tre år med nedgang. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på 312 300 kroner per årsverk, ein auke på 39 prosent frå året før. For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren vart jordbruksinntekta uendra, kr 241 500 kroner per årsverk. For mjølkebøndene på Jæren skuldast auken i stor grad lågare kostnader, auka tilskot og inntekt frå storfeslakt. Når det gjeld mjølkebøndene i Agder og Rogaland utanom Jæren gjekk både inntektene og kostnadane ned, og dermed vart jordbruksinntekta den same som i 2019.

Andre produksjonar

Jordbruksinntekta til sauebønder i Agder og Rogaland utanom Jæren vart redusert med 9 prosent til 90 200 kroner per årsverk frå 2019 til 2020. Kostnadsauke forklarar i stor grad denne nedgangen. For bruk med ammekyr gjekk jordbruksinntekta opp med 24 prosent til 228 900 kroner. Auka tilskot og lågare kostnader bidrog til denne auken.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald på Jæren auka jordbruksinntekta si med 26 prosent, til 453 300 kroner per årsverk. Meir omsett kjøtt frå svin og storfe, samt auka produksjon av mjølk, bidrog i stor grad til at jordbruksinntekta auka.

Ulik utvikling i investeringsnivå

For andre året på rad vart nettoinvesteringane på Jæren negative, i snitt -62 800 kroner per bruk. Nettoinvesteringane på Jæren har vore svært høge gjennom ei årrekke. For resten av Rogaland og Agder var det ein stor auke i nettoinvesteringane, i snitt vart det investert 162 900 kroner i middel per bruk. Samla gjeld gjekk opp på Jæren til 6,3 mill. kroner, ein auke på 5 prosent. I resten av Rogaland og Agder gjekk gjelda opp med 8 prosent til 4,3 millionar.

Driftsgranskningane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2020 var det med 924 bruk, der 152 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Marius Berger

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 941 49 336

E-post: marius.berger@nibio.no

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no